

Knut C. Rønnevik, Tysvær herad, Rogaland fylke.

1. Dei nikkar med hovudet for ja og rister p.h. for nei.
2. Folk helsar til vanleg berre på kjende.
3. Men<sup>n</sup>skal helsa først på kvinner.
4. Ofte godmorgon eller goddag, sume tider bukka dei berre med hovudet.
5. Ja, ein tok meir hatten av for presten og embetsmannen for slektningar og grannar bukka ein berre.
6. Ein veit ikkje noko om det her, men ved gravferd heldt ein gjerne hatten framfor hovudet ei kort tid.
7. Nei, det var ikkje noko skil på det her.
8. Ein handhelste på gjester, på framande, ved brudlaup og gravöl, ved gratulasjonar o.a.g.
9. Ein klappa folk på aksla når ein var i godlag og snakka med folk, især når ein var litt skjemtsam i god meining.
10. Ein kjenner ikkje noko til det.
11. Dei stod stille tok av seg hatten og var ålvorsam.
12. Nei, ein kjenner ikkje til det
13. Ein fylgjer nok tida på d-agen, men ein seier nå ofte godmorgon heile dagen.
14. Nei.
15. Ikkje her.
16. Nei, sjå svar til 13.
17. Ein brukar enno noko men meir för å helsa med: Signe arbeidet, signe strevet, signe laget, signe kvila, signe maten o.s.b. Det vert då gjerne svara: Takk og velkomen til.
18. Kjenner ikkje til det.
19. Nei, ikkje til dei han har helsa på ute.
20. Ein bad då særskilt om det.
21. Ja, ein bankar alltid på døra når ein ikkje er særskilt kjende og naboar, men oftast då og.

- 2
22. Dei svara: Kom inn.
  23. Den framande skulle stå ved sida av døra til hus-  
folket bad dei setje seg.
  24. Hatten vart teke av straks ein kom inn.
  25. Ein sa: Du må sjå du får sitja eller Sjå du får sitja
  26. Alle vart bedne om å sitja. Dei som bad til gravferd  
skulle stå til dess dei hadde utført ærendet sitt.
  27. På same måten som andre, men kanskje noko meir  
reservert.
  28. Nei, men dei vart kanskje innbedne i bestestova.
  29. Dei vart helsa i handa og bedne velkomen.
  30. Folk sa farvel, men nå har adjö innarbeidd seg meir.  
Dei som vart att svara det same.
  31. a. Ein handhelste og bad farvel. b. Det vart då noko  
meir ålvor over "velfara" Og ein nemnde kanskje noko  
om å mötast att.
  32. Det var nok mest millom mann og kona at så vart gjort.
  33. Mann og kona. Sjå ovanfor. Små born og foreldre.
  34. Kjenner ikkje til det.
  35. Som ovanfor.
  36. Fell burt. Sjå 34 og 35.
  37. Nei.
  38. Til barn sa ein at dei måtte vera god mot ein. Det  
kunne tyda både å kjela og kyssa.
  39. Ja, ein kjenner uttrykket å byta nase o.a.
  40. Alle kunne gjera det med borna.
  41. Det kjenner ein mindre til.
  42. Ja, det var å kjela.
  43. Det var helst millom mindre born og foreldre, millom  
mann og kona og kunne og förecoma elles.
  44. Ein sa gjerne til lukke istadenfor gratulera. Nå er  
det siste mest brukt. Ein ynskte till lukke med ein  
ny hest, ei ny ku o.s.b. Istadenfor å gratulera med  
t.d. eit nytt kleplagg sa ein gjerne: Slita med helsa.

Emne 36.

45. Ein sa: God påske, god jol, god pint<sub>s</sub>e. Ein sa og  
til lukka med dagen.
46. I den seinare tid sa ein Kondolera.
47. Ein tok kvarandre i handa når ein takka.
48. Ein kjenner ikkje til det her.
49. Det kjenner ein heller ikkje til.
50. För var det vanleg å seia De til gamle foreldre,  
Det gjorde ein nok og til prest og embetsmenn, men  
tidlegare sa ein nok og jer til dei siste.  
Nå seier ein De til folk av högre stand, kanskje eg  
til mindre kjende folk elles.
51. Nei.

Rönnevik den 30/3 1953

*Knut C. Rönnevik*

Knut C. Rönnevik.

Adr. Förland.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7712